



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/100983-2

Dykkar referanse:
18/951 – 18/6689

Vår dato:
25.05.2018

Uttale – Dispensasjon – Naust og kai – Gnr. 33 bnr. 17 – Hella indre – Radøy kommune –

Statens vegvesen syner til brev mottatt 02.05.2018. Frist for uttale er 30.05.2018.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om oppføring av 2 naust med kai på gnr. 33 bnr. 17 på Hella i Radøy kommune. Det går fram at denne del av eigedomen er del av eit jordsameige for fleire bruk på gnr. 37 og gnr. 38. Tiltaket gjeld oppføring av naust for gnr. 38 bnr. 2 og gnr. 37 bnr. 8.

Området er avsett til naustføremål jf. arealdel av kommuneplan for Radøy. Område i sjø er avsett til hamneområde. Området er elles uregulert.




Fig: Utsnitt av arealdel av kommuneplan for Radøy.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19–2. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Det er søkt om å oppføre to naust. Det er opplyst til søknaden at nausta har felles parkeringsareal. Kommunen føreset at parkeringsareal er lovleg etablert og ferdigstilt.

Statens vegvesen legg til grunn at oppføring av naust som omsøkt treng eit avkøyrsløyve etter veglova, dersom dette ikkje innhenta frå tidlegare. Vi har ikkje vore på staden, men baserer vår uttale med bakgrunn i flyfoto og vegbilete. Med bakgrunn i den bruken som er i området kan det vere aktuelt å krevje kryssutforming av avkøyrsla. Når det vert stilt krav om kryssutforming vert mellom anna krav til sikt og svingradius skjerpa.

Vi ser at området har potensiale for fleire naust, slik det også er skissert i jordskiftekartet som er vedlagt søknaden. Avgrensing av arealføremål naust jf. arealdelen av kommuneplan opnar og for fleire naust i området. Vi vil difor rå til at området vert regulert, slik at ein kan løyse felles utfordringar med mellom anna avkøyrsla og parkering samla.

Sluttord:

Vi vil rå til at området vert regulert gjennom eit planarbeid. På den måten får ein sett området samla og ein kan ein få løyst felles utfordringar.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon som omsøkt, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova. Eit slikt vedtak kan innehalde særlege krav til opparbeiding av avkøyrsla.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.